



Årsmelding Eid kyrkjelege fellesråd 2016

1. Innleiing

Året 2016 har vore eit hektisk arbeidsår på mange måtar. Det har vore fleire restaurerings- og vedlikehaldsprosjekt i gong på kyrkjer og kyrkjegardar. Nokre var planlagde medan andre måtte takast som strakstiltak. På slutten av året hadde vi også innbrot og hærverk i Eid kyrkje. I staben har vi dette året fått ny sokneprest i Eid, Stårheim og Kjølsdalen sokn. Dei fellesrådstilsette har hatt stabil bemanning i alle stillingane.

2. Fellestråd og tilsette

2.1 Fellestrådet

Fellestrådet er samansett slik:

Frå Eid sokn:

Berit Heien Heggen – leiar
Ulf-Inge Kjerpeseth – nestleiar

Pers. varamedl. Kari Standal Pavelich
Pers. varamedl. Dag Inge Dæmring

Frå Stårheim sokn:

Kjartan Myrold
Tone Lillian Stokke

Pers. varamedl. Arnstein Ivesdal
Pers. varamedl. Reidun Borgestrånd

Frå Kjølsdalen sokn:

Lars Frode Humborstad
Dianne Eikås

Pers. varamedl. Merete Duestøl
Pers. varamedl. Caroline Erviksæter

Eid kommune sin representant:

Arild Nøstdal

Pers. varamedl. Sissel Helen Ommedal

Geisteleg representant:

Prost Rolf Schanke Eikum

Pers. varamedl. Øystein Solberg Mathisen

Fellestrådet har hatt 5 møte og handsama 37 saker i 2016.

2.1.1 Underutval i fellestrådet

Fellestrådet har hatt følgjande underutval:

- Kyrkjeleg administrasjonsutval (partsamansett utval):

Fellesrådet sine representantar: Berit Heien Heggen - leiar, Ulf-Inge Kjerpeseth – nestleiar, Lars Frode Humborstad, vara Tone Lillian Stokke. Tilsette sin representant: Finn Arve Sundal, vara Bjørg Risøy.

Administrasjonsutvalet har ikkje hatt møte i 2016.

➤ Forhandlingsutval/tingingsutval:

Medlemmer: Berit Heien Heggen - leiar, Ulf-Inge Kjerpeseth, vara Kjartan Myrold.

Utvalet har heller ikkje hatt møte i 2016.

Kyrkjeverja er sekretær for administrasjonsutvalet og forhandlingsutvalet/tingingsutvalet.

2.2 Tilsette

Kyrkjeverje/dagleg leiar	Kristen Hundeide	100%
Organist II	Ingvard Sundal	20%
Sekretær	Marta Jenny Elvebakke	50%
Ungdomsprest	Kaare Michael Christoffersen	100%
Arbeidsleiar kyrkjegard	Finn Arve Sundal	100%
Kantor	Ralph Cupper	100%
Trusopplærar	Solveig Orheim Nome	60% (sjukepermisjon)
Musikalsk barne- og ungdomsarbeidar	Asbjørn Eikenæs	20% (engasjement)
Kateket	Beate Folkestad Osdal	60% (+ 20% ekstra stilling frå 01.09.16 – dekket av Bjørgvin bispedøme)
Kyrkjetenar	Bjørg Risøy	80%
Kyrkjetenar	Knut Hans Røed	7,1 %
Kyrkjetenar	Per Hagen	11%
Kyrkjetenar	Randi Heggheim	15%

Sekretæren ved kyrkjekontoret utfører også sekretærtjeneste for proststen i Nordfjord. Proststen har færre gudstenester i Eid, og reiser meir i heile prostiet. Proststillinga har kontorstad ved Eid kyrkjekontor. Då proststen bur i Ørsta har han no færre heile kontordagar her enn tidlegare. Dette, saman med innføringa av arbeidstidsplanleggaren «Tid», har medført auka arbeidsmengd for sekretæren.

Grunna sjukdom, og trong for vikar, har prostiprest Henny Koppen i praksis vore sokneprest i Stryn heile året – men Henny har likevel utført tenesta som sjukehusprest ved Nordfjord Sjukehus.

Frå 1. september var Øystein Solberg Mathisen på plass som ny sokneprest i Eid, Stårheim og Kjølisdalen sokn. Han vart formelt innsett i stillinga i gudstenesta 25. september.

Både fellesråd og tilsette takkar pensjonert sokneprest Olaf Sigurd Gundersen for framifrå teneste og godt samarbeid i tida fram til ny sokneprest kom på plass!

Kateket Beate F. Osdal har, saman med ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen og sokneprest Øystein Mathisen, hatt ansvaret for konfirmantarbeidet frå hausten 2016. Beate har også teke ansvar for trusopplæringsarbeidet.

Asbjørn Eikenæs deltek i trusopplæringsarbeidet i 20% stilling som er finansiert av trusopplæringsmidlane. Asbjørn er ein uvurderleg musikalsk ressurs både ved Stårheim Barnekor og ved Babysongen – i tillegg til andre oppgåver der musikalsk medverknad er ønskjeleg.

Kyrkjegardsarbeidar Finn Arve Sundal er no attende i 80% av stillinga.

Ralph J. Cupper er kantor i Eid i 100% stilling. Ingvard Sundal er tilsett som Organist 2 i 20% stilling.

Bjørg Risøy har 80% stilling som kyrkjetenar. Ho er kyrkjetenar ved alle kyrkjelege handlingar i Eid kyrkje og fast kyrkjetenar i Stårheim kyrkje ved gravferder, vigsler, o.l. Knut Hans Røed er kyrkjetenar i Stårheim ved vanlege gudstenester. I Kjølisdalen kyrkje er Randi Heggheim kyrkjetenar og Per Hagen er kyrkjetenar i Heggjabygda kyrkje.

Johannes Nome har teke seg av planting på, og stell av, gravene som har avtale om gravfond. Han får betalt ein fast sum årleg for kvar grav han steller. Summen er avhengig av 2 alternativ for planting og stell.

2.2.1 Arbeidsmiljø og personalarbeid

Å arbeide for betre samhandling og meir teamkjensle i staben er ei stor utfordring i ein arbeidsstokk med mange deltidstillingar, der arbeidsplassane i tillegg er ulike. I året som har gått har vi lagt mykje vekt på at vi alle skal føle at vi er ein del av ei samla eining – sjølv om staben er samansett av personar med to forskjellige arbeidsgjevarar. Ved hjelp av godt samarbeid frå både prestane og dei tilsette i fellesrådet føler vi at vi har luktast med dette. Særleg i eit år med utskifting og vikarteneste i prestestillinga er det svært gledeleg å sjå at dei nye som kjem inn finn seg godt til rette og vidarefører det gode samarbeidet som føregjengarane hadde. Arbeidsmiljø og samarbeid mellom dei kyrkjeleg tilsette er soleis godt. Kvar tysdag føremiddag er det stabsmøte på kyrkjekontoret. Der deltek dei som er tilsett i høgast prosent stilling (40% eller meir). Eid Kyrkjelege Fellesråd takkar både prestane og dei fellesrådstilsette for godt og konstruktivt arbeid, og samarbeid, i 2016.

2.2.2 Likestilling

I likestillingslova § 1a nemnast det at offentleg styresmakt skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna. Arbeidsgjevar skal arbeide aktivt for dette innafor si verksemd. I offentleg sektor er det krav om å gjere greie for likestillingssituasjonen i verksemda og kva som vert gjort i den samanheng.

Ved utgangen av 2016 var det 12 tilsette i Eid kyrkjelege fellesråd, 4 kvinner og 8 menn. Det er mange deltidsstillingar.

Ved avlønning følgjer ein hovudtariffavtale for KA sitt tariffområde - som er kjønnsuavhengig.

3 Prosjekt og faste tiltak

3.1 Oversikt over gjennomførte og planlagde oppgåver i kyrkjer og på kyrkjegardar

Eid kyrkje. Vedlikehald/måling av austveggen og nordveggen vart utført dette året. Det som då står att er vedlikehald/måling av tårnet. Dette ligg inne i same prosjektet – men då vi var komne til midten av september før dette kunne påbyrjast valde vi å utsetje arbeidet til våren

2017. Vi meinte det var for risikabelt å montere stillas og presenning på tårnet på haustparten. Restmidlane frå prosjektet er difor overførte til 2017. Det er «Dør og Vindusvern AS» på Vigra som har ansvaret for dette vedlikehaldsprosjektet.

Natt til 24. november hadde vi innbrot og hærverk i Eid kyrkje. Ein person hadde knust vindauget lengst mot nord-aust i koret og teke seg inn i kyrkja. Vedkomande gjorde stor skade inne i orgelet, der m.a. ca. 200 piper må bytast ut. Når han deretter tømde 2 brannsløkkingsapparat med pulver inne i kyrkja og på galleriet, gjekk brannalarmen. Brannvesenet og kyrkjevevja kom til kyrkja kl. 01.20 – men då var gjerningsmannen borte. Brannvesenet heldt likevel vakt ved kyrkja inntil politiet kom til staden. Politiet arresterte gjerningsmannen litt seinare same morgon.

Skadene medførte at kyrkja måtte stengast. Arrangement og gudstenester som var planlagde måtte difor flyttast til andre kyrkjer. Takka vere godt og raskt utført arbeid av tilsette i selskapet Recover AS fekk vi rensa kyrkjerommet slik at kyrkja på nytt kunne takast i bruk 2 veker etter hærverket. Rensing av dekor på altertavle, preikestol og elles i kyrkja tok lenger tid, men dette kunne utførast sjølv om kyrkja var open for vanleg bruk. Etter avtale med Riksantikvaren er det målarmeister/konservator Kjell Arne Årset og biletkunstnar/konservator Bent Erik Myrvoll som har utført rensinga av dekoren. Det nyrestaurerte orgelet tek det diverre lenger tid å få reparert. Orgelbyggar Richard Bower frå Norwich i England var på synfaring på instrumentet 19. desember. Han fekk då eit oversyn over skadene og fekk sett opp liste over dei delane som må bytast ut. Desse vart omgåande sette i bestilling – og vart klare i siste halvdel av april 2017. Richard Bower kjem då attende til Nordfjordeid og fullfører reparasjonen av orgelet. Inntil dette er gjort vil ikkje orgelet vere i funksjon. Vi har difor skaffa eit nytt elektronisk piano som erstatning i kyrkja. Dette er eit instrument som også har «orgellyd» - og vart nytta til det originale orgelet er reparert.

Berre reparasjon av orgelet åleine er berekna til å koste mellom 600- og 700 000 kr. Samla reknar vi med at hærverket kostar ca. 1,3 mill. kr. Innbrotet vart sjølvsgagt omgåande meldt til forsikringsselskapet som dekkjer utgiftene med reparasjonar og rensing.

Vi er stolte over at ikkje eit einaste arrangement vart avlyst som følge av hærverket i kyrkja! Dette trass i at det skjedde i kanskje den travlaste tida i heile året! Stor honnør og takk til kateket Beate, ungdomsprest Kaare og sekretær Marta som omgåande tok tak i arbeidet med å flytte planlagde arrangement og få ut informasjon om dette!

Gledeleg var det også å oppleve det store engasjementet som skadene i kyrkja skapte både i lokalsamfunnet og andre stader. Vi fekk svært mange telefonar der folk melde seg til frivillig arbeid dersom det var naudsynt for å få reparert skader. Fleire gav også pengegaver som skulle gå til reparasjonsarbeidet.

Stårheim kyrkje. Orgelbyggar Richard Bower var tilbake i Eid i april 2016. Då fekk vi m.a. gjennomført det avtalte vedlikehaldet av orgelet i Stårheim kyrkje. Kyrkja vart elles opprusta til jubileumsmarkeringa i 2014 og er i rimeleg bra stand. Frå soknerådet har vi likevel fått innspel på at ein ynskjer å få installert toalett i kyrkja, alternativt få betra tilkomsten til sanitærbygget. Både av omsyn til sjølve kyrkjebygget og av økonomiske omsyn er det nok alternativet som er det mest realistiske.

Det er i samarbeid med soknerådet skaffa nye kistepallar (til gravferder) til kyrkja.

Heggjabygda kyrkje. Parkeringsforholda ved kyrkja er svært utilfredstillande. Det har vore dialog med grunneigaren om parkeringsareal og fellesrådet har avsett midlar til opparbeiding. Det er inngått muntleg avtale med Eid kommune om utføring av arbeidet. Det er også avsett midlar til nytt sanitærbygg/toalett ved kyrkja. Fellesrådet har valt løysing for kva toalett vi

skal installere. Sjølve arbeidet med parkering og sanitærbygg er ikkje kome i gang, men vi har nytta egne tilsette til førebuande arbeid.

Måling av kyrkja var påbyrja i 2016. Dyktige ungdomar frå bygda har hatt dette som sommarjobb. Det står enno att å måle bordkledninga øvst på kyrkja, samt måling av tårntilbygget. Før dette kan gjerast må det skiftast nokre bordkledningsbord forskjellige stader. Materialen er skaffa og dette arbeidet vert gjort av egne tilsette i 2017. Vi vonar at ungdomane er interesserte i sommarjobb med måling av resten av kyrkja i 2017.

Innvendig manglar det enno å få på plass ei lydskjerming mellom spelepulten og orgelpipene slik at den som spelar ikkje vert høyrslsskada.

Kjølaldalen kyrkje. Etter omfattande renoveringsarbeid dei siste åra er kyrkja no i svært bra stand. Det har difor ikkje vore utført større vedlikehaldsoppgåver her i 2016. Likevel har det vore utført ein del innvendig vedlikehald, m.a. måling av kyrkjebenkane. På same måte som i Heggjabygda var det ungdomar frå bygda som utførte arbeidet. Dei gjorde ein svært god jobb til glede for både bygdefolket, soknerådet og fellesrådet.

I alle kyrkjene vil det vere tenleg med fjernstyring av varmen. Dette vil då kunne bli styrt frå kyrkjekontoret via data. Kostnaden med dette er likevel slik at det førebels ikkje kan prioriterast i "konkurrans" med andre, og heilt nødvendige, prosjekt.

Automatiske ringeanlegg i kyrkjene kjem derimot på investeringsplanen for 2017. Fyrst ute er Stårheim og Eid. Kjølaldalen og Heggjabygda er planlagt året etter dersom kostnadsrammene vi har berekna viser seg å halde.

Kyrkjegardane. Det er avsett midlar til utgreiing/forprosjekt for utviding av kyrkjegarden i Kjølaldalen. Vi har valt å satse på eit område syd for kyrkja, rett vest for uteområdet til skulen. Både skule og sokneråd har gjeve tilslutnad til denne plasseringa og fellesrådet har godkjent at planarbeidet vert igongsett. Vi har kontakta Eid kommune, som eig arealet, for å få i gong prosessen med nødvendig omregulering og heimelsoverføring til fellesrådet. Nordplan AS er engasjert til utarbeiding av forprosjekt og teikningar.

Fellesrådet omprioriterte i 2016 midlar til skifting av taket på Sambraut klokketårn, då det oppstod lekkasje. Taket vart skifta på hausten av egne tilsette. Fellesrådet har også vedteke at det skal settast av midlar til vedlikehald/skifting av bordkledninga på Sambraut i 2017.

3.2 Minikonfirmantarbeid

Denne aktiviteten vert utført av kateketen saman med ungdomsprest og musikalsk barne- og ungdomsarbeidar.

3.3 Ungdomsarbeidet, Nattcafe og Ung Messe.

Nattcafeen har vore i jamn drift heile 2016. Tiltaket har ei fin utvikling, miljøet på fredagskveldane er godt og oppslutninga om nattcafeen er aukande. Ungdomspresten har også fått med seg ein kjerne av «vaksne» ungdomar som deltek på fredagskveldane; og som kan avlaste ungdomspresten ved behov. Nattcafeen har fått 3 pengegåver i 2016, som skal nyttast til opprusting og fornying av utstyr og lokale. Særleg ungdomsrommet i 2. etasje treng opprusting og ungdomspresten vil, etter samspel med ungdomane, kome med forslag til tiltak. Vi planlegg å få utført arbeidet sommaren 2017.

Ung Messe hadde tidlegare ein eigen komité under leiing av ungdomspresten. Dei siste åra har konfirmantlærarane teke ansvar for dette – og det har vore halde Ung Messe omlag ein gong i halvåret. Deltakinga og tilbakemeldingane frå messa har vore svært oppløftande.

Kombinasjonen av musikk, forkynning og visuelle verkemiddel når heilt tydeleg fram til ungdomane. Frå 2017 er det planlagt Ung Messe ein gong i månaden.

Eid Felleskor er eit ungdomskor kantor nyttar ved ymse gudstenester. Sjå meir under 3.6. «Kyrkjemusikalsk arbeid».

3.4 Trusopplæring

Trusopplærar har diverre vore sjukmeld i lengre tid – men vi er heldige som har kateket Beate som har teke ansvar for trusopplæringsarbeidet. I Eid har vi godkjent plan for trusopplæringa i alle sokna våre. Når alle tiltaka skal setjast ut i livet, merkar vi endå sterkare trongen for frivillige hjelparar. Sjølv om både prestane og dei fellesrådstilsette gjer alt dei kan, er det ikkje mogleg for oss å rekke over alt. Det er difor svært viktig for å lukkast med trusopplæringsarbeidet at sokneråda kjenner ansvar for, og tek aktivt del i, både planar og gjennomføring.

Trusopplæringsarbeidet er finansiert ved årleg tildeling av statlege midlar. Desse midlane er likevel ikkje nok til å finansiere både løn til tilsette og materiell til dei ulike tiltaka. Det er difor etablert eit samarbeid med sokneråda om finansiering av meirkostnaden. For 2016 var dette bidraget på kr 44.884. Fellesrådet må også ha midlar til trusopplæringa innanfor eige budsjett.

Det finst ein eigen nettportal for trusopplæringsarbeidet på www.kyrkja.no under logoen Størst Av Alt. Fellesrådet nyttar også denne nettportalen til årleg rapportering av tiltak og økonomi. På Kyrkja i Eid sine eigne nettsider ligg det ein link direkte til vår “plass” på nettportalen.

Elles gjennomførte vi også i 2016 ”HalloVenn” i Eid Idrettshus 31. oktober, som alternativ til tradisjonell Halloween-feiring. Sjølv om deltakinga var litt lågare enn i oppstartåret 2014 var det likevel ca. 900 personar som deltok på arrangementet! Dette tyder at det er både behov og interesse for dette tiltaket. I 2016 har sokneråda vore langt meir involverte i planlegging og gjennomføring. Dei har sjølve plukka ut område dei ynskte å ha ansvar for og stille mannskap til. På denne måten vart belastninga på kateket Beate, som langt på veg har hatt dette åleine tidlegare, betydeleg redusert. Ho var likevel den som koordinerte alle aktivitetar og avtaler. Dette fungerte svært godt – og vil nok bli «mal» for framtidige arrangement. Fellesrådet vil gje honnør og stor takk til både tilsette og frivillige som la ned mange arbeidstimar i planlegging, førebuing og gjennomføring!

3.5 Nettsider for Kyrkja i Eid

Nettsidene våre er til stor glede og nytte i arbeidet. På desse sidene har vi m.a. lagt ut informasjon om kyrkjene våre, om gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, om aktivitets-/kulturtilbod i Kyrkja sin regi og om tilsette og medlemmer i sokneråda og fellesrådet. Nettsidene er også eit nyttig reiskap for å få ut informasjon t.d. ved kyrkjeval, jubileum og liknande. Etter at vi også linka dette opp til Facebook-sida vår har vi nådd ut til endå fleire. Sokneråda har også eigne facebook-sider. Vi vonar mange nyttar nettsidene våre – og «like» Facebook-sida vår. Vi tek gjerne imot tilbakemeldingar på endring og/eller forbetring. Nettsidene finn ein på www.eid.kyrkja.no og/eller www.eid.kirken.no

3.6 Kyrkjemusikalsk arbeid

Det er lagt ned mykje tid og krefter i å revitalisere det kyrkjemusikalske arbeidet. Særleg har kantor, Ralph Cupper, arbeidd mykje med dette. Soknerådet har nedsett eit eige musikkutval som har hovudansvar for både konsertserien «Aftenmusikk» og andre konsertar/tilstellingar i

soknerådet sin regi. "Aftenmusikk" er eit tiltak som har vore tradisjon i mange år. Det er Eid Sokneråd som har økonomistyringa for dette. Både soknerådet og fellesrådet har bidrege med midlar til tiltaket. Det vart etter kvart så arbeidskrevjande å få inn sponsormidlane som trengst for å kunne engasjere musikarar og songarar at musikkutvalet valde å ikkje lenger arrangere dette på same måte som tidlegare. Ein vil i staden prøve å arrangere konsertar gjennom heile året – og særleg knytt til høgtidene som jul, påske og pinse.

På grunn av innbrotet/hærverket i Eid kyrkje måtte ein planlagd konsert med The Harlem Voices og Stårheim Songlag i byrjinga av desember flyttast frå Eid kyrkje til Operahuset Nordfjord. Til denne konserten hadde vi også førehandssal av bilettar på nettet i samarbeid med Operahuset. Konserten vart ein kjempesuksess – og vi takkar Operahuset for god hjelp og godt samarbeid!

Kantor driv også orgelklubben for dei som er interesserte i å lære orgelmusikk. Han driv også ungdomskoret «Eid Felleskor» som m.a. har delteke ved fleire gudstenester.

3.7 Faste tiltak

Dei tilsette arbeider med mange tiltak som går igjen år for år. Ein del tiltak, som t.d. ungdomsarbeid og dåpsopplæring, er no samkøyrte med trusopplæringsarbeidet. Felles for alle tiltaka er at vi har dyktige tilsette som gjer ein stor jobb med små ressursar. Vi er no komne til eit punkt der arbeidsbelastninga på dei tilsette er så stor at vi ikkje kan påta oss å starte nye tiltak utan å få avlastning med eksisterande tiltak – enten ved at andre tek over desse tiltaka eller at dei rett og slett vert avvikla. Meir omtale av dei enkelte tiltaka vil finnast også i årsmeldingane for sokneråda.

3.8 Andre utførte oppgåver

I samband med registrering av feste av gravminne, har ein funne fram til gravminne som ein ynskjer å ivareta, sjølv om festar seier ifrå seg sitt festeansvar. Eid kyrkjelege fellesråd står då som festar.

4 Samarbeid med andre

4.1 Kommunen og andre

Eid kyrkjelege fellesråd samarbeider med Eid kommune, særskilt innan løns- og rekneskapsføring, men og i forhold til uteseksjonen i driftsavdelinga. Det er også samarbeid om breiband/data. Det er utarbeidd tenesteytingsavtale med Eid kommune.

Opera Nordfjord hadde i 2016 ein turné til fleire kyrkjer med førestillinga «Opera i kyrkja». Her framførte dei kjende musikk- og dansenummer frå ulike operaoppsettingar. Både profesjonelle og amatørar deltok. Premieren var planlagt til Eid kyrkje 29. februar – men måtte diverre avlysast grunna ekstremver. Heldigvis fekk også publikum på Eid likevel oppleve førestillinga i ei ekstraframsyning etter at turnéen var over.

4.2 Sokneråda

Ein har prøvd å halde leiarmøte 1 gong i halvåret. Her deltek soknerådsleiarane, prost, sokneprest, fellesrådsleiar og kyrkjeverje. Møta er nyttige for informasjonsutveksling og for å samkøyre aktivitetar. Det var 2 slike møte i 2016.

5 Økonomi

Rekneskapen viser at det for 2016 er eit positivt netto driftsresultat på kr 392.414,25. Hovudårsaka til dette er at vi har kunna nytte egne tilsette til å utføre deler av oppgåvene i fleire investeringsprosjekt. Gjennom dette har vi fått kompensasjon for lønsmidlar frå investeringsprosjekta. Dette er ført på post 17800 «Interne overføringar» på teneste 39300 «Kyrkjegardar». Også festeavgiftene, som vart justerte i 2016, er monaleg høgare enn budsjettet.

Avsetningar til bundne driftsfond er kr 76.424,59 og bruk av bundne driftsfond er kr 37.261,56, slik at beløpet som står igjen til dekking av underskot frå tidlegare år pluss overskot for 2016, er kr 353.251,22.

Etter at overskotet frå 2015, kr 51.327,17, var disponert til å dekke inn delar av underskotet frå tidlegare år, stod det att underskot frå tidlegare år på kr 323.165,65, som ikkje var inndekka. I budsjettet for 2016 hadde vi føresett å dekke inn kr 191.000 av dette. Når dette er gjort står det enno att eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i driftsrekneskapen på kr 162.251,22. Det står no att underskot på kr 132,165,65 frå tidelegare år, som ikkje er inndekka. Overskotet for 2016 må difor nyttast til inndekking av dette. Restsummen etter inndekking, kr 30.085,57, kan avsettast til disposisjonsfond. Disponering av overskotet vert gjort ved fellesrådet si endelege handsaming av årsrekneskapen for 2016.

På teneste 39200 "Anna kyrkjeleg verksemd" er det, i motsetnad til tidlegare år, tilnærma balanse i drifta i 2016. Til prosjekt 5010 "Trusopplæring" har vi etter avtale fått refusjon frå sokneråda på kr 44.884,-, som særleg knyter seg til posten «Aktivitetsrelatert materiale/teneste». Denne posten inneheld m.a. utgifter til konfirmantar, minikonfirmantar og andre aktivitetar. Post 11900 «Husleige» er langt større enn budsjettet. Dette skuldast to tilhøve: Eid Kyrkjetun fakturerer no husleige direkte på kvar aktivitet - og utbetaling på kr 72.000,- til Opplysningsvesenets fond for husleige i tida ungdomspresten budde i Eid Prestegard. Dei kr 72.000,- vert balanserte med inntektspost 16310 «Husleigeinntekt».

Det står kr 159.925,21 på bundne driftsfond. Av dette utgjer gåver til lydanlegg kr 700,-, Kurs i Nordfjord prosti kr 29.678,44, Eid Diakoniat kr 8.327,20, Nattcafeen Eid kr 58.287,63, Helgefred kr 10.884,44, Gåver orgel kr 32.047,50 og Prostidiakon Nordfjord kr 20.000,-. Kyrkjebladet Helgefred har «lege i dvale» dette året men har likevel motteke offer og gåvemidlar på kr 10.268,-. Sokneråda drøftar no korleis ein skal få revitalisert kyrkjebladet og kome i gong med utgjeving att.

Det er ført opp eit nytt bunde driftsfond i 2016: Gåver orgel. Dette er midlar som privatpersonar har gjeve i gåve for å få reparert skadene etter hærverket i november. Utgiftene med reparasjon/reingjering etter innbrotet og hærverket, kr 243.725,81, er ført på nytt driftsprosjekt 5020 «Innbrot Eid kyrkje» og balansert mot tilsvarende fordring mot forsikringsselskapet.

Driftsfondet til Nattcafeen har fått tilført kr 54.240,- i gåvemidlar til inventar/utstyr i 2016.

For «Kyrkjeleg administrasjon» er lønsutgiftene 3,4 % lågare enn budsjett, i «Kyrkjene» 2,9 % over budsjett og for «Anna kyrkjeleg verksemd» 1,2 % under budsjett. Auken i kyrkjene skuldast høgare vikarutgifter enn føresett. For «Kyrkjegardar» kan det sjå ut som vi har eit overforbruk på 49,7% av lønsmidlane p.g.a. utgiftene til vikar/ekstrahjelp. Dersom ein tek omsyn til refusjon av lønsmidlar frå investeringsprosjekta viser det seg at det i realiteten er ein innsparing på 3,6 % på lønsmidlane her.

Totalt gjev dette eit meirforbruk på lønsbudsjettet på kr 284.768,- (løn minus refusjonar frå NAV) for 2016. Korrigert for refusjon av lønsmidlar frå investeringsprosjekta vert det eit mindreforbruk på kr 27.907,-.

Det er totalt inntektsført kr 20.956,- i refusjonar ved sjukdom, svangerskap og arbeidsmarknadstiltak.

Utgiftene for straum er 10,1% høgare enn budsjett. For adm./kontor er utgiftene 19,0 % lågare enn budsjett, medan utgiftene for kyrkjene er 30,9 % høgare enn budsjett. For kyrkjegardane er straumforbruket 8,6 % lågare enn budsjett. Auken i kyrkjene skriv seg frå Eid kyrkje der det har vore brukt mykje ekstra straum både til arbeid med orgelet og til rensing og reparasjon etter innbrotet i november. Det har vore auke i utleige til Den Katolske Kyrkja – og posten for husleigeinntekt kyrkjene er difor kr 20.000 høgare enn budsjett.

Det er 2 prosjekt i investeringsrekneskapen som har brukt meir enn vedteken budsjetttramme. Dette er «Renovering Sambraut klokketårn» med kr 7.880,50 og «Eigarskap i selskap (KLP)» med kr 4.516,-. Når det gjeld prosjektet «Eigarskap i selskap (KLP)» står det i tillegg igjen kr 1.077,- frå 2015, som ikkje er dekka inn. Meirforbruket på desse 2 prosjekta er førebels dekka inn ved å låne midlar frå det ubunde investeringsfondet til prosjektet «Utviding av gravplass - Kjølsdalen». Endeleg inndekning av meirforbruket vert gjort ved fellestrådet si endelege handsaming av årsrekneskapen for 2016.

Ubrukte investeringsmidlar er sett av til ubundne investeringsfond i balanserekneskapen. Det står no til saman kr 1.811.645,92 på ubundne investeringsfond. Dette er investeringsmidlar, t.o.m. 2016, som er avsett, men enno ikkje brukt.

6 Avslutning

2016 var eit år der vi har teke nye grep i drifta for å få mest mogleg ut av ressursane ein hadde tilgjengeleg. Det er difor gledeleg at dette m.a. har resultert i at vi alt no maktar å dekke inn alt oppsamla underskot frå tidlegare år; samt har opparbeidd eit lite disposisjonsfond.

I trusopplæringa vert det lagt ned ein stor arbeidsinnsats for å utvikle og iverksetje tilbod for alle aldersgrupper. Både kateket, prestar og andre tilsette fortener stor ros for innsats og entusiasme i trusopplæringsarbeidet! Gjennom avtalen om kostnadsdeling med sokneråda er dette tenestområdet no også i økonomisk balanse.

Gledeleg er det også at heimesidene våre vert stadig meir nytta av innbyggjarane. Også i 2016 var våre heimesider blant dei mest besøkte i heile bispedømet utanom Bergen. Dette er eit prov på at både web-sider og facebook-sider fungerer; og at folk finn nyttig og tenleg informasjon her! Kontormedarbeidar har vore, og er, ein svært viktig faktor for å halde desse sidene oppdaterte. Vi vonar at vi kan makte å utvikle desse informasjonskanalane vidare til felles nytte og glede.

Det mest krevjande i 2017 vert å få avslutta arbeidet med reparasjon og reingjering i Eid kyrkje etter innbrotet i 2016 – og få dekning for utgiftene gjennom oppgjer frå forsikringsselskapet. På personalsida veit vi allereie no at kateket Beate vil gå over til stilling i Selje frå 2. halvår. Trusopplærar Solveig Nome, som har vore sjukmeld i lang tid, oppnår pensjonsalder våren 2017. Det vert difor både spanande og utfordrande å få på plass ny medarbeidar frå hausten.

Av utviklinga på kollekt og gåvemedlar ser vi at det vert meir og meir nødvendig å få på plass elektroniske betalingsløyser. Vi oppmodar sokneråda om å skaffe tenesta «Vipps» til

offerføremål – og fellestrådet må sjølve truleg skaffe seg både «Vipps» til Nattkafeen og ei mogleg sms-løysing for gåvemidlar i løpet av året.

Dei største investeringsprosjekta som no er prioritert er å fullføre resten av utvendig maling og vedlikehald av Eid kyrkje, samt å få fortgang i utbetring av parkeringstilhøva og toaletttilhøva ved Heggjabygda kyrkje. Fullføring av målingsarbeidet og skifting av noko bordkledning på kyrkja skal også gjerast i 2017. På Sambraut klokketårn har vi skifta tak i 2016. Skifting/vedlikehald av bordkledinga skal utførast i 2017.

Vi ser at nokre av investeringsprosjekta i komande år er slik at vi kan nytte egne tilsette til deler av arbeidet. Resten må lysast ut på anbod. Kor stort rom det vil vere for å nytte egne tilsette til slikt arbeid vil variere frå år til år og det vert ikkje budsjettert med dette.


Montering av nye lerret og projectorar, slik at vi kan gjere oss nytte av digitale hjelpemiddel, står enno att i Kjølsdalen og Heggjabygda kyrkjer. Det er planen å få dette på plass i alle fall i Kjølsdalen kyrkje i 2017.

Fellestrådet har ein stab samansett av fagleg sterke personar som er effektive og utfører oppgåvene sine på ein god måte. Vi har og ein kommune som er positiv til arbeidet vårt. Eid kyrkjelege fellestråd vil takke spesielt tilsette ved personalavdelinga og økonomiavdelinga i Eid kommune for god hjelp og støtte i 2016.

Med tilvising til det som er nemnt ovanfor kan fellestrådet sjå tilbake på nok eit aktivt år og kan ta fatt i utfordringane som ventar med von om at vi får tilstrekkelege økonomiske rammer til at Kyrkja framleis kan nå ut med gode tenester til folket.

Nordfjordeid, 10.04.2017


Berit Heien Heggen
Leiar Eid kyrkjelege fellestråd


Kristen Hundeide
Kyrkjeverje i Eid